

Preike ved Oddbjørn Leirvik i Fjell kirke (Drammen), 30.09.12

Å KJENNE IGJEN TRUA
Preiketekst: Matteus 8: 5-13.

Trua har no hjelpt så mange, heiter det i eit ordtak. Det manglar heller ikkje på predikantar som forkynner at om vi berre trur sterkt nok, så blir vi både friske og framgangsrike. Sjølv kan eg nok ikkje slutte meg til dei som er *så* sterktruande. Og skal eg vere ærleg, merkar ein motstand i meg mot forteljingar som den vi har høyrte i dag, der ein lam tenestegut blir frisk og rask berre fordi herren hans trur sterkt nok på Jesus.

Korleis reagerer de på dagens preiketekst? Kan vi identifisere oss med ei forteljing der alt blir bra om ein berre trur sterkt nok? Og dreier gudstrua seg om at vi sjølve eller våre næraste skal bli friske?

No er det jo ikkje til å kome frå at store delar av evangelia faktisk handlar om at Jesus gjorde folk friske igjen. Spør ikkje meg korleis det skjedde. Dagens preiketekst verkar jo som rein magi, som guddommeleg tryllekunst.

Likevel kan det vel knapt vere det å bli frisk – på meir eller mindre magiske måtar – som er målet med gudstrua. Ein gong skal vi jo alle uansett visne og dø. Og kva slags tru er det då som kan bere oss?

Eg trur at det einaste som kan bere oss gjennom gode og vonde dagar, og til sist ut av dette livet, er tilliten til at det finst ei guddommeleg makt som vil oss vel. Og det er trua på ein guddommeleg kjærleik som er sterkare enn alle våre feiltrinn.

I vår lutherske tradisjon blir vi stadig mint om at den trua som kan bere oss gjennom liv og død. Det er trua på ein nåde som vi aldri kan gjere oss fortent til men som alltid kjem til oss som ei gåve. Slik taler også skaparverket om Gud. Allereie det nyfødde livet vitnar jo om at livet kjem til oss som ei forunderleg gåve.

Men at livet *er* ei guddommeleg gåve, det er det jo ikkje berre vi kristne som erfarer. Heller ikkje tanken om at vi blir frelst av nåde utan å måtte gjere oss fortent til det, er eit særeige for oss som er kristne. For *meg* er alt dette noko som strålar ut frå Jesus. Men samtidig trur eg at det vi ser i Jesus, kan gi gjenskin også hos folk som ikkje er kristne – men som likevel har denne grunnleggande erfaringa at livet er ei ufortent gåve og at Gud er ei makt som vi kan overgi oss til i fullkomen tillit.

Dagens preiketekst er eit eksempel på korleis gudstrua skin igjennom på uventa plassar. Kven av Jesus sine jødiske tilhøyrarar hadde vel venta at det skulle vere ein romersk offiser som stod fram som sjølve trushelten? I Lukasevangeliet sin versjon av denne historia¹ blir offiseren framstilt som ein venn av det jødiske folket, men sjølv dyrka han nok dei romerske gudane. Likevel hadde han ei tillitsfull tru som Jesus framheva som eksemplarisk: ”Ikkje hos nokon i Israel har eg funne ei slik tru.”

¹ Lukasevangeliet 7: 1-10.

I mitt eige arbeid med forholdet mellom kristendom og andre religionar opplever eg ofte at viktige sider ved den kristne trua også kjem til syne i andre religiøse tradisjonar. Lat meg gi dykk to eksempel på korleis det som for meg er mest verdifullt – trua på den ufortente nåden – kan kome til uttrykk i buddhistisk og muslimsk tradisjon. I ei retning innanfor buddhismen som oppstod i Japan på 1200-talet og som blir kalla Det reine lands buddhisme, finn vi ein nådetanke som liknar på forveksling på det kristne evangeliet. I Det reine lands buddhisme rettar ikkje nådetrua seg mot Jesus, men mot ein buddhafigur som blir kalla Amida Buddha. I eit skrift av grunnleggaren Shinran kjem trua på den ufortente nåden til uttrykk på denne måten: ”Når vi tror vi skal fødes i Det rene land, frelst ved Amidas underfulle løfter, og når ønsket om å påkalle Amida Buddhas navn oppstår i våre hjerter, i det øyeblikk har vi del i det gode å være favnet og ikke forkastet ... bare troen alene er nødvendig.”² Bytt ut Amida Buddha med Jesus, og det er jo evangeliet som her blir forkynt. I det same skriftet finn vi også den nytestamentlege tanken at dess større synda er, dess meir overveldande blir nåden.

Når det gjeld islam, er det nokså vanlig å seie at islam er ein typisk lovreligion der ein må gjere seg fortent til nåden. Men også innanfor denne religionen finn vi retningar som forkynner den reine og ufortente nåden. Særleg gjeld dette innanfor den islamske mystikken. Hos den store mystikaren Rumi – også han frå 1200-talet – finn vi ei rørende forteljing om ”Mannen som såg seg tilbake på veg til helvetet”. Mannen er død, og dødsenglane er alt i ferd med å slepe den stakkars karen fram til helvetet. Framfor seg ser han ein svart rull der hans mange misgjerningar står oppskrivne, og han erkjenner at den mørke sanninga om livet hans nok er enda verre enn kva som står skrive. Men mannen kan ikkje gløyme den nåden han gjennom livet har lært å kjenne ved å resitere Koranen sitt omkved *bi-smillah ar-rahman ar-rahim* – ”i namnet til Gud den nåderike, den miskunnsame”. Han sukker til Gud: ”Eg vender meg endå ein gong til din reine nåde, utan omsyn til mine gjerningar.” Og Gud seier til dødsenglane: ”Før han tilbake, for hans indre auge miste aldri håpet til Meg ... Eg vil berge han og stryke ut alle hans misgjerningar.”³

Forteljinga liknar jo til forveksling på den om Jesus og røvaren på korset, han som også fekk vere med til Paradis i den augneblinken han vendte sinnet sitt bort frå seg sjølv og opp mot Gud.

Blir vi forvirra over å finne igjen kjernetankane i den kristne trua i andre religionar? Eller kan trua vår bli styrkt på den måten?

Sjølv tenkjer eg at tanken om at livet er ei gåve, at nåden er sterkare enn fordøminga, og at vi blir frelst ufortent, er *universelle* tankar som speglar mennesket si grunnleggande livs- og gudserfaring. Tanken kjem ikkje like tydeleg til uttrykk over alt, og for oss kristne strålar den sterkast og klarast frå Jesus, han som er avbiletet av Guds vesen. Men det er den universelle erfaringa av å kunne overgi seg tillitsfullt til Guds nåde som gjer at folk – slik vi høyrer i dagens preiketekst – kan kome frå aust og frå vest og sitje til bords med Abraham og Isak og Jakob i himmelriket.

Kvifor samtidig – som preiketeksten også seier – nokre andre då skal kastast ut, forstår eg ikkje. Kvifor måtte Jesus legg til at ”borna av riket skal kastast ut i mørket utanfor, der dei

² Sitert etter Notto R. Thelle: ”Et buddhistisk Romerbrev.” Norsk Tidsskrift for Misjon 1974: 3, s. 129-154.

³ Jf. Oddbjørn Leirvik: ”Den lutherske kyrkja sitt forhold til andre religionar”. I Stephanie Dietrich, Trond Skard Dokka og Harald Hegstad (red.): *Kirke nå. Den norske kirke som evangelisk-luthersk kirke*. Trondheim: Tapir akademisk forlag 2011, s. 209-226.

græt og skjær tenner”)? Kanskje kan det lesast som ei skarp åtvaring til alle dei som trur at dei har ein særleg rett på himmelriket. Slike folk finn ein jo innanfor andre religionar, og kanskje trenger dei (eller vi) å bli skremt opp litt.

Men i dag er det ikkje skremt vi skal bli. I dag skal vi få glede oss over at den sanne trua kan skine fram over alt, og ofte på uventa plassar.

Det aller største er jo at nådetrua får lyse opp vårt *eige* sinn. Det kan skje når eit anna menneske viser oss guddommeleg nåde. Det kan skje når vi kjenner igjen trua sitt vesen hos folk som høyrer til heilt andre tradisjonar enn vår eigen. Og det kan skje når vi – gjennom ein tekst, ein tanke, ein salme – får enda eit lysglimt av Jesus, han som er biletet av Guds vesen.